

# Kommunal tiltaksstrategi for Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) 2025 – 2028

## Ullensvang kommune



### 1. Innleiing

Kommunen forvaltar og har vedtaksmynne for ordninga Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL).

Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket §3 seier følgjande;

«Tilskudd kan innvilges foretak som oppfyller vilkårene i [forskrift 19. desember 2014 nr. 1817](#) om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket [§ 2](#) og [§ 3](#) eller [§ 4](#). Det må foreligge tillatelse fra landbrukseiendommens eier til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nevnt i denne forskriftens [§ 4](#) og [§ 5](#). Tilskudd kan også innvilges eier av landbrukseiendom dersom det foregår en produksjon på landbrukseiendommen som oppfylle vilkårene for tilskudd etter [forskrift 19. desember 2014 nr. 1817](#) om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket.»

På bakgrunn av både nasjonalt og regionalt miljøprogram (NMP og RMP) vert det utarbeidd ein 4-årig lokal tiltaksstrategi for bruk av SMIL-midlar i kommunen. Gjeldande tiltaksstrategi 2021-2024 skal rullerast, og ny strategi skal gjelde for perioden 2025- 2028.

Retningsliner skal utarbeidast i dialog med statsforvaltaren og næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt.

Føremålet med SMIL-midlar er å fremma natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsettingar og strategiar jf. §.1 Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Dei prioriteringane og satsingane som vert vedtatt i dei kommunale tiltaksstrategiane vil liggja til grunn for årlige tildelingar av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket» (SMIL-midlar) til kommunen dei neste fire åra.

Tilskotsordninga er regulert gjennom Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (FOR 2004-02-04 nr. 448) fastsatt av Landbruks- og matdepartementet (SMIL-forskrifta). Løyvinga til SMIL vert gjort i jordbruksoppgjeren. Landbruksdirektoratet fordeler midlar til fylkesmennene, som igjen fordeler midlar til kommunane.

## 2. Tidsrom

Tiltaksstrategien gjeld for år 2025 til og med år 2028.

## 3. Overordna planar og målformulering

Overordna planar:

- Regionalt miljøprogram for Vestland (RMP).  
Det skal vera ei sterk kopling mellom ordningane i SMIL og RMP. SMIL skal nyttast i større grad som investeringsstøtte, og RMP som eit årleg skjøtselstilskot opp mot drifta av miljøkvalitetane.
- Handlingsplan for landbruk vestland
- Kommuneplan
- Forvaltningsplan for utvalde kulturlandskap.

Miljøtema	Utfordringar i Ullensvang
Forureining og klima	Erosjon og avrenning av næringsstoff frå jordbruksareal til vatn. Utslepp av klimagasser som metan, lystgass, CO2
Kulturlandskap	Beiteområde gror att, spesielt i utmark, men og på innmark.
Biologisk mangfald	Strukturendringar, nye driftsformer og auka mekanisering.
Kulturminne og kulturmiljø	Færre stølar i aktiv drift, fare for at stølsmiljø og bygningar forfall. Verneverdige bygningar og kulturminne i innmark og utmark står i fare for å vekke når dei ikkje lenger har nytteverdi i drifta på garden.
Friluftsliv	Gamle stiar og ferdselsveger vert vekke, landskapet gror att, reduserer tilgjenge, utsikt og kvaliteten av opplevelinga.

### Utfordringar for kulturlandskap og biologisk mangfald

Utmarksbeiter der drift med dyr vert lagt ned eller at det skjer endringar i driftsform, gror att. Dette gjeld og for innmarksbeiter i tilknyting til både gardar og stølsområde. Utvalde naturtypar (t.d. naturbeitemarker, slåttemarker, slåttemyr) er i ferd med å gro att. Eit svekka beitetetrykk gjev negative konsekvensar for biologisk mangfald.

Kunnskap om utslårter og stølsdrift som ein gong var er i ferd med å forsvinna.

### Utfordringar for kulturminner og kulturmiljø

Å ta i vare stølsmiljø er ei utfordring. - Kvotesal, endring mot større driftseiningar, meir bruk av mjølkerobotar mv. gjev eit press mot bruk med aktiv støling. Bygg på stølen og i utmark forfall, og stølsvollar samt utmarka rundt, står i fare for å gro att der det ikkje lenger er drift. Oftast har desse bygningane mista sin plass i drifta på gardane. Landbruket sine kulturminne treng vedlikehald.

### Utfordringar for friluftsliv

Attgroing av gamle stiar og ferdselsårer i jordbruket sitt kulturlandskap elles. Attgroing i landskapet gjer at tilgjenge, utsikt og oppleveling vert redusert.

## **Utfordringar med avrenning til vatn**

Tap av næringsstoff til vatn skjer hovudsakleg gjennom erosjon og avrenning av nitrogen og fosfor fra jordene. Ullensvang har fruktproduksjon langs fjorden, og i/mellom felta renn det mange stader bekker. Det er difor viktig med kantsoner for å redusera avrenning til vatn. Me har også husdyrhald, og rett nytte av husdyrgjødsela i forhold til spreietidspunkt, nedmolding og mengde pr. dekar vil vere viktig for å redusere avrenning av næringsstoff til vassdrag. Her er det også viktig med kantsoner mot vassdrag.

Øydelagde hydrotekniske anlegg og manglende grøfting kan gje avrenning av næringsstoff til vatn.

## **Utfordringar med klimautslepp til luft**

Jordbruksdrift er opphav til utslepp av klimagassane karbondioksid (CO<sub>2</sub>), metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O). - Bruk og lagring av husdyrgjødsel kan gje utslepp av klimagassar. Brukt på riktig måte er husdyrgjødsel eit av bonden sine viktigaste driftsmidlar. Den inneholder alle næringsstoff som plantene treng og verkar positivt inn på jordstrukturen.

Blaute/ vasstrekke område på skiftene gjev større klimagassutslepp både som fylgle av utslepp av lystgass fra kunstgjødsel og husdyrgjødsel, samt CO<sub>2</sub> som fylgle av redusert utbytte av innsatsvarer.

Generelt ser ein at større driftseiningar, teknologisk utvikling, samt meir bruk av leigekøyring med entreprenør, gjev tyngre traktorar og traktorreiskapar. Tyngre maskiner fører til større trøng for god drenering for å unngå skadeleg jordpakkning. I blant oppstår ein «ond sirkel» der tunge maskiner pakkar jorda, øydelegg jorda si naturlige dreneringsevne, og kan føre til skade på eksisterande drenesgrøfter. Dette gjer jorda enda meir sårbar neste år.

Mangelfulle og øydelagde hydrotekniske anlegg kan føre til utslepp av klimagassar. Ein ser eit stort etterslep på utbetring av skadar / reparasjon av hydrotekniske tiltak utført på 1970/80-tallet. Ei rekke gamle lukkingar av bekker og kanalar, samt mange opne kanalar og avskjeringsgrøfter treng reparasjon eller reinskning.

Dårleg fungerande eller manglende grøftesystem og endra type vær med meir nedbør, gjev større risiko for jordpakkning, og dermed større risiko for utslepp av klimagassar (lystgass).

Meir nedbør om sommaren gjev nye dreneringsbehov, der jorda tidlegare var sjølvdrenerande.

## **Utfordringar for å ta i vare utmarksbeiter**

Utmarsksbeitet i Ullensvang er stort, det er sau, geit, storfe og hest som beiter. Det er for lite beitedyr til at det har stor påverknad på utmarksbeita.

Sjølv om sauen dominerer i tal beitedyr og opptak av foreiningar i utmarka, er mangfaldet ved dei ulike husdyrslaga viktig. Kvart enkelt husdyrslag har sin måte å beita på, og påverkar kulturlandskap og vegetasjon på ulik måte. Geita står her i ei særstilling gjennom evna til å beita ned kratt.

Det er difor viktig å oppretthalde og vidareutvikle aktive beitelag med medlemmar som samarbeider om tilsyn, sinking og fysiske anlegg som sperregjerder, hegner til bruk under sinking, «radiobjøller» som sender informasjon via t.d. satellitt osb.

## Målsettingar og prioriteringar av tiltak

Tiltaksstrategien er retningsgivande og førande for tildeling av SMIL -midlar. Det kan likevel vere prosjekt som ikkje spesifikt er nemnt i tiltaksstrategien som er aktuelle å gje tilskot til, fordi dei ligg innanfor ramma av dei sentrale forskriftene og rundskriv for ordninga.

Miljøtema	Målformulering
Avrenning til vassførekomstar, utslepp til jord eller luft	Redusere miljø- og helserisikoen ved bruk av plantevernmidlar. Tiltak for å redusere risiko for- /og forureining ved utslepp til jord, vatn eller luft frå jordbruksareal, fôr eller gjødsel. Tiltak som medverkar til å redusere forureining kan og medverka til betre agronomisk driftspraksis og tilpassing til klimaendringar.
Kulturlandskap	Jordbruket sitt kulturlandskap skal takast vare på og utviklast gjennom aktiv drift. Verdiane i kulturlandskapet skal nyttast i næringssamanheng til utvikling, samt produksjon og sal av varer og tenester i tilknyting til landbruket. Lokal matkultur og kulturlandskap skal setjast saman til heilsakplege opplevingsprodukt for reiselivet.
Biologisk mangfold	Ta vare på biologisk mangfold og økosystem, der samspelet mellom menneskeleg aktivitet og naturgrunnlaget knytt til arealbruken dannar leveområde for planter og dyr. Auka bruk og vern av landbruket sine genetiske ressursar. Status for trua artar i jordbruket skal betrast.
Kulturminne og kulturmiljø	Ta vare på kulturminne og kulturmiljø gjennom skjøtsel, vedlikehald og restaurering. Ta vare på freda og verneverdige bygningar som potensiale for næringsutvikling. Sikra og utvikla tradisjonsboren kunnskap knytt til teknikkar og driftsformer.
Tilgjenge og friluftsverdiar	Kulturlandskapet skal vera ei kjelde til rekreasjon og oppleveling, og slik medverka til å byggja identitet. Gje auka tilgang til jordbruket sitt kulturlandskap gjennom sti- og turvegar, slik at samfunnet si trong for areal til rekreasjon vert sikra.

### 3. Tematiske prioriteringar i rekjkjefylge - tilskotsordningar og type tiltak:

#### A. Ureinigungstiltak

Omfattar tiltak som reduserer risikoen for erosjon på jordbruksareal, som reduserer avrenning frå jordbruksareal til vassførekomstar, eller som reduserer forureinande utslepp frå jordbruket til jord og luft.

#### Prioriterte tiltak er:

##### 1 Bygningsmessige miljøtiltak.

- Dekke over eksisterande gjødsellager for å dempe utslipp av klimagassar. Det er eit krav for tilskot at det vert nytta ei løysning av varig karakter tilpassa det aktuelle lageret.
- Fjerne punktutslepp frå gjødsellagre og siloar.
- Eksterne gjødsellager, med føremål å redusere tap av næringsstoff til vatn og redusere klimagassutslepp frå husdyrgjødsel.

##### 2 Hydrotekniske tiltak

SMIL-midlar kan gå til hydrotekniske tiltak, først og fremst til utbetring av skader på eksisterande anlegg utover vanlig vedlikehald, for å redusere erosjon og avrenning av jord og næringsstoff. Trong for utbetring kan skuldas både skader på anlegget og for små dimensjonar grunna klimaendringar mv.

- Reinsking av eksisterande avskjeringsgrøfter / kanalar kor det ikkje er aktuelt med statleg dreneringstilskot.

- Nye avskjeringsgrøfter i den grad dette ikkje er ein del av ordinært større dreneringsarbeid (større dreneringsarbeid – statleg tilskotsordning)
- Opning av bekkelukkingar - inneber graving av open kanal til erstatning for eksisterande lukkabekk eller avløp, fortrinnsvis av anlegg som må utbetraast.
- Reparasjon av bekkelukkingar/lukka røyr utført tidlegare kan støttast. Det vert ikkje støtta nye lukkingar av bekker eller kanalar, då dette ikkje gjev forureiningsvinst i forhold til opne kanalar.
- Steinsetting av erosjonsutsette strekningar på kanalar eller avskjeringsgrøfter.
- Reparasjon av øydelagde kummar, røyrutløp, erosjonssikring av elve- og bekkekantar, flaumdempande tiltak.
- Fangdammar for å fange opp og hindre at erodert jord og næringsstoff kjem ut i vassdrag, for å reinse grøftevatn før utløp i sårbare resipientar.

Verkemiddel for desse målsettingane finst blant anna i forskrifter som gjev retningslinjer for kva som er lovlege driftsformer, tilskotsordningar i RMP og statleg tilskot til drenering av jordbruksjord.

Tidspunkt for handsaming av søknad. Dersom gardbrukaren leiger entreprenør må arbeidet gjerast når denne har anledning. Hydrotekniske tiltak der tilskotet ikkje overstig kr 5.000,- vert gjort til ei refusjonsordning for dei som melder inn tiltaket på førehand, avhengig av at det er ubrukte midlar i ordninga.

## B. Kulturlandskap på innmark og i utmark

- Setje i stand og nytte heilt eller delvis attgrodde innmarksbeiter.
- Bruk av ny teknologi og tekniske installasjonar der dette gagnar beitebruken og beitebrukaren.
- Tiltak som legg til rette for allsidig beitetetrykk der storfe, hest sau og geit nytta utmarksbeiting.

Aktuelle verkemiddel for tiltak som gjelder utmarksbeite / skjøtsel av utmarksbeite, er først og fremst ordninga med «tilskudd til tiltak i beiteområder». Frå og med 2020 er det kommunen som har forvaltningsansvar for denne tilskotsordninga. SMIL-midlar skal ikkje finansiere dei same investeringane som tilskot til tiltak i beiteområder.

## C. Tiltak som tek i vare og legg til rette for auka biologisk mangfald

Omfattar tiltak som kan stimulere biologisk mangfald gjennom å ta vare på dyr og planter på gammal kulturmark. Tiltaka skal føra til at livskraftige bestandar vert tekne i vare, og at leveområda for dyr og planter, i eller i tilknyting til, kulturlandskapet vert oppretthalde.

Aktuelle tiltak kan vera etablering, istandsetjing, utbetring og skjøtsel av område og landskapselement på gammal kulturmark som tek i vare leveområde for plantar og dyr. Viktige landskapselement for biologisk mangfald er bekker, vassvegar og vassmiljø, elvelandskap, edellauvskog, urterike og kalkrike slåtteenger, naturbeitemarker, kantsoner, fjellbjørkeskog, barlind/kristtorn, våtmarksområde, stølsvollar og beiteeng.

Ved handsaming av SMIL-søknader bør det kontrollerast om tiltaket òg får/kan få tilskot frå andre.  
( Tiltak for trua naturtyper, Tiltak for trua arter, Tiltak for ville pollinerende insekter, Tiltak i verneområder, Tiltak mot fremmede organismer, mf.)



**Prioriterte tiltak er:**

- 1)
  - Istandsetjing av artsrik slåttemark som har vore langvarig halde i hevd gjennom regelmessig slått. Gjødsling og jordarbeiding må ikkje ha vore praktisert. Areala skal etter avslutta prosjekt skjøttast i samsvar med retningsliner fastsett av statsforvaltaren, og skal verta registrerte i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no). Med istandsetjing er det meint t.d. rydding av tre og buskar, fjerning av røter, avfall, steinar, strø, mosetuer, samt såing.
  - Istandsetjing og inngjerding av artsrike, biologisk verdifulle beiteareal som lenge har vore halde i hevd utan nemnande gjødsling eller jordarbeiding, t.d. haugar og tørrbakkar. Areala skal etter istandsetjing skjøttast i samsvar med retningsliner fastsett av statsforvaltaren, og skal verta registrerte i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) som naturbeitemark, hagemark eller strandeng.
- 2) Etablering av nye styvingstre på innmark eller utmarksbeite der det er drift.

**D. Planlegging og tilrettelegging av samarbeid om fellestiltak**

Leggja forhold til rette for større heilscapelege miljøprosjekt over større områder, t.d. knytt til eit vassdrag eller ei grend. Dette skal være prosjekter for å ivareta og utvikle miljøverdiar på ein heilskapleg måte. Slike prosjekter skal resultere i en plan for gjennomføring av konkrete kulturlandskaps- og forurensningstiltak. Slike prosjekter, ofte med fleire aktørar, er gjerne administrativt krevjande å få i gang, det kan derfor være behov for å gi starthjelp i form av SMIL-midlar.

**Prioriterte tiltak er:**

- 1 Utarbeiding av beitebruksplanar som leier fram til konkrete fellestiltak.
- 2 Utarbeiding av skjøtsels-/ forvaltings-/ kulturlandskaps- planar som leier fram til konkrete fellestiltak.

## **E. Tiltak som tek i vare kulturminne og kulturmiljø**

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, mellom dei lokalitetar som det knyter seg historiske hendelsar, tru eller tradisjon til.

Kulturmiljø er område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng, som eit gardstun eller ei stølsgrend. jf. § 2 i kulturminnelova.

Omfattar tiltak som skjøtsel, vedlikehald og istandsetjing etter kulturminnerefaglege retningsliner, bevaring og planlagt bruk av verneverdige bygningar, kulturminne eller kulturmiljø.

### **Verneverdige bygningar er:**

buer og loft, bøkkerverkstader, båtbyggjarmiljø, glasstover, handelsstader, husmannsplassar, klyngjetun, løer m/ høy- og kornbrot, stall, rekketun, røykstover, samanbygd våningshus-låve, smier, stølsmiljø, vassdrivne sager, vognhus, tømrahus, utløer, og vårfloorar.

### **Aktuelle kulturminne og kulturmiljø er:**

bakkemurar, bastegraver, brakeløer, eldhus, fangstinnretningar, geiler, gjerder, gravrøyser/-haugar og helleristingar, hellerar, hustufter, ishus, jernvinner, kaianlegg, koldeholer, kolmiler, korntørke/tørkestover, kraftstasjonar, kvernhus, laksegiljer/ lakseskjær/ andre fiske- og fangstinnretningar, løypestrengar, mjølkeramper, møller/ stampehus, namnesteinar, naust, oppgangssager, rydningsrøyser, smier, stabbesteinar, stabbur, stamper, steinbuer, steingardar, gamle vegfar, stiar, vegmerker, klopper, vad, tre- og steinbruer, stemmer, stølshus, steinstolpar, torvtak, troskykkjer, tufter, utløer, bygdeborgar, vardar, og vårfloorar.

Det vert ikkje ytt tilskot til eldre våningshus som vert nytta som bustad for eigar.

### **Prioriterte tiltak er:**

- 1     • Restaurering av verneverdige bygningar i kulturmiljø:
  - a) Klyngjetun, rekjetun, husmannsplassar, handelsstader, naustmiljø.
  - b) Stølsmiljø.
    - Restaurering av gamle landbruksbygg som skal takast i bruk til ny næring eller som inntektskjelde på garden.
    - Restaurering av høge steingardar på innmarksareal.
    - Bruk av hesjing som tradisjonell driftsform.
- 2     Andre verneverdige bygningar.

Bygningar eller andre anlegg der det føreligg konkret målsetjing om at bygningen etter restaurering skal nyttast i forbindelse med aktiv støling eller tilsyn med dyr på utmarksbeite skal gjevast høg prioritet og høg grad av prosentsats tilskot.

Ved restaurering av bygningar er det den delen av prosjektet som tilfører kulturlandskapsverdien som skal inngå i kostnadsgrunnlaget for tilskot. Kostnad med innkjøp av maskinar og anna laust teknisk utstyr, innvendig restaurering eller standardheving skal ikkje takast med i kostnadsgrunnlaget, med unntak av dersom føremålet bidrar til å fremma verdiar i kulturlandskapet.

For bygningar med funksjon som formidlar kulturlandskapsverdiar, driftsbygningar som har ein sentral plass i driftsopplegg for aktiv støling eller beitebruk i utmarka, eller bygningar der den innvendige funksjon bidrar til å fremma kulturlandskapet på annan måte, kan heile eller deler av innvendig kostnad takast med som grunnlag for tilskot. Innvendig restaurering eller oppgradering av sel/ stølsbuer kan takast med i kostnadsgrunnlaget når dei vert nytta i aktiv støling.

For føremål bustad eller fritidsbustad skal ikkje innvendig restaurering inngå i kostnadsgrunnlaget



Ved handsaming av SMIL-søknader som gjeld kulturminne og kulturmiljø bør det kontrollerast om tiltaket òg får/kan få tilskot frå andre. (Kulturminnefondet, SEIM-stiftinga, Regional kulturminneforvaltning, Fortidsminneforeningen, Norsk kulturarv, Bygg og bevar, «Ta et tak» og «rydd eit kulturminne» Sparebankstiftelsen, kommunalt næringsfond mfl.)

#### F. Tiltak som tek vare på gammal kulturmark

Omfattar tiltak som tek i vare kulturbeite, plante- og dyreliv, biologisk mangfald og landskapsbilete knytt til gammal kulturmark som beitehagar, beitemark, einerbakkar, frukthagar, hasselskog, bjørkehagar, kantsoner/ kantslått, styvingslandskap, elvesletter, nyttehagar, tørrenger, stølsvollar og utslåtter. Aktuelle tiltak kan vera istandsetjing og skjøtsel gjennom beiting, slått, styving eller anna hausting av gammal kulturmark i inn- og utmark.

##### **Prioriterete tiltak er:**

- 1 Tiltak skildra i beitebruksplanar.
- 2 Restaurering og inngjerding av gamle innmarksbeite.
- 3 Tiltak i område som er nemnd i naturtypekartlegginga av Ullensvang. Ved handsaming av SMIL-søknader som gjeld gammal kulturmark bør det kontrollerast om tiltaket òg får/kan få RMP-tilskot, ev. tilskot frå andre (Fylkesmannen si miljøvernavdeling, Gjensidige -stiftinga mfl.).



## G. Tiltak som legg til rette for større tilgjenge og auka opplevingsverdi i landskapet

Omfattar tiltak som aukar moglegheit for rekreasjon og friluftsliv i jordbruket sitt kulturlandskap gjennom å leggja til rette for ferdsel til fots, og opplevingar. Aktuelle tiltak kan vera rydding av samanhengande sti- og turvegnett i tilknyting til jordbruksvegar i landskapet som forenklar tilkomst til utmark og strandsoner.

### Viktige ferdsselsstiar er:

drageider, driftevegar, ferdsselsvegar, geiler, kongevegar, kulturlandskapsløyper, kyrkjevegar, postvegar, sjoarvegar, sleper, støls- og buførevegar, trapper.

### Prioriterete tiltak er:

- 1 Tiltak som førebyggjer konfliktar mellom landbruk og ålmenta, t.d. sjølvlukkande grinder og gjerdedeklyv.
- 2 - Tiltak i område der det er gjort eller planlagt andre skjøtselstiltak.
  - Rydding av stiar som gjev tilgjenge til natur- og friluftsområde.
  - Enkel informasjon og merking av ferdsselsårer.

### **Val av særskilde tema**

Det kan vera aktuelt å årleg prioritera særskilte tema for bruken av SMIL-midlane, innanfor ramma av strategien. Dette vert gjort på bakgrunn av t.d. særskilte prioriteringar signalisert frå fylkesnivå, ev. innkomne innspel frå landbruksnæringa. Tilskotsordninga skal sjåast i samanheng med pågående regionale utviklingsprosjekt i fylket som er knytt til vassforskrifta, kulturlandskap, kulturminne og bygningsarva.

### Døme på pågående regionale prosjekt er:

- Klimavenleg landbruk - Landbruket sin klimaplan 2021-2030.
- Utvalde kulturlandskap

#### **4. Mogeleg aktivitet for auka satsing/ søknadsmengd**

Ullensvang kommune ynskjer å informera betre om SMIL-ordninga, slik at framtidige søknadar vert meir målretta denne tilskotsordninga.

##### Eksterne samarbeidspartar:

Landbruksrådgjevinga (NLR), Bondelag, Bonde- og småbrukarlag, Hagebrukslag, Hardanger Folkemuseum.

##### Gjennom samarbeidspartar internt og eksternt:

Kommuneplanleggjaren, folkehelsekoordinator, turlag, helselag, idrettslag, bygdekinnelag, bygdelag, og statsforvaltaren si landbruksavdeling.

- Arbeida for å kopla aktive jordbruksføretak og eigarar av viktige miljøverdiar der drifta er avvikla, slik at desse verdiane kan haldast i hevd.
- Informasjonsarbeid: markdagar, kurs, studieturar, informasjonskveldar.

#### **5. Retningsliner for handsaming av søknadar**

##### Meldefrist:

Kommunen har frist til 1. november, med å sende inn budsjett over trong for tilskotsmidlar for komande år. Det er viktig at større kostbare tiltak vert meldt inn før denne fristen. Slike tiltak kan ikkje rekna med å vera prioritert for støtte om dei ikkje er meldt inn innan 15. oktober året før.

##### Søknadsfrist: 01.Mars kvart år

Tilskot til hydrotekniske tiltak (avskjeringsgrøfter og opne kanalar) der tilskotet ikkje overstig kr 5.000,- vert gjort til ei refusjonsordning for dei som melder inn tiltaket på førehand, avhengig av at det er ubrukte midlar i ordninga.

Dersom ikkje heile ramma vert nytta ve søknadsfristen, eller at det vert inndrege midlar av eit visst omfang, vert midlande brukt fortløpende på innkomne søknadar. Siste søknadsfrist for året er 15. oktober

##### Krav til søknad:

Det skal søkjast elektronisk, søknadsskjema for SMIL-ordninga finn du på Landbruksdirektoratet si nettside.

##### Aktuelle vedlegg er:

- Bilete av no- situasjonen.
- Detaljert kostnadsoverslag av tiltaket skal leggjast inn anten på skjemaet eller på eige vedlegg. Det skal liggja med skriftlege pristilbod på større innkjøp av materialar og innleige av arbeidskraft.
- Det skal leggjast ved kart som stadfestar plassering av tiltaket. Kulturminne, viktige område for biologisk mangfald, areal med risiko for tap av jord og næringsstoffer, raudlisteartar og andre forhold som er viktige for miljøet skal være kartfesta og skildra.
- For fellestiltak eller tiltak som vedkjem grunneigarinteresse frå andre enn søker, skal naudsynte avtalar for gjennomføring av tiltaket føreliggja.
- Søker må oppfylle vilkår i [forskrift 1. juli 1999 nr. 791](#) om gjødslingsplanlegging. Det skal føres journal over plantervernmidlar som vert brukta. Legg ved aktuelle planar.
- For bygningsprosjekt; teikningar i målestokk i høve til kvalitet som vert kravd for byggesaksbehandling.

Vilkår: Det kan i vedtak stillast vilkår i samsvar med tiltaksstrategien sitt føremål. Døme på vilkår kan være istandsetting etter antikvariske prinsipp eller i tråd med tilrådde løysningar, krav til tilgjenge for allmenta der dette er ei viktig grunnlag for tilskot.

Det vert normalt ikkje gjeve tilskot til prosjekt/tiltak som allereie er begynt på eller utført. Unntak her er enkelte hydrotekniske tiltak (sjå under punkt søknadsfristar lenger opp).

**Arbeidsfrist for gjennomføring av tiltak:**

Fristen vert sett ut i frå tiltaket sin storleik, normalt vert det sett 3 års frist for gjennomføring. Kommunen kan etter søknad forlengja fristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart innvilga.

**Delutbetaling av tilskot:** Det kan gjerast delutbetaling i samsvar med framdrift med inntil 75 % av innvilga tilskot. Det vert ikkje gjort delutbetaling for tilskotssum under kr 20.000.

**Sluttutbetaling av tilskot:** Før sluttutbetaling kan ei synfaring gjerast av kommunen. Det er eit krav at tiltaket er 100 % slutført før sluttutbetaling, og det skal leggjast fram sluttrekneskap som kan sjåast opp mot kostnadsoverslaget, signert og datert av søker. Det skal skrivast ein sluttrapport som skildrar resultatet sett opp mot planen, signert og datert av søker. For tiltak med anna innhald enn fysiske investeringar (t.d. formidlingstiltak, kurs, opplæring), er kravet skriftleg sluttrapport med skildring av gjennomførte tiltak, signert og datert av søker.

Alle kostnadar skal dokumenterast med relevante bilag, og det skal leverast timelister med dato, utførde arbeidsoppgåver og namn for eigne timer.



## Retningsgjenvante satsar for berekning av SMIL-tilskot i Ullensvang kommune

MILJØTEMA	TILTAK	Inntil tilskot i %	Maks .kostnad per. eining, eller reell kostnad						
Biologisk mangfald	Restaurering slåttemark Restaurering artsrik beiteareal  <table border="1"><tr><td>Gjerding</td></tr><tr><td>Grind</td></tr><tr><td>Styving - etablering</td></tr></table>	Gjerding	Grind	Styving - etablering	100%  100% 100%	Kr. 4000,- per daa  <table border="1"><tr><td>Kr.75,- per m</td></tr><tr><td>Kr. 2400,- per stk</td></tr></table> <table border="1"><tr><td>Kr. 650,- per tre</td></tr></table>	Kr.75,- per m	Kr. 2400,- per stk	Kr. 650,- per tre
Gjerding									
Grind									
Styving - etablering									
Kr.75,- per m									
Kr. 2400,- per stk									
Kr. 650,- per tre									
Kulturminne og kulturmiljø	Steingardar Stølsmiljø Naustmiljø Klyngetun, rekkjetun Handelsstader Husmannsplassar  <table border="1"><tr><td>Hesjing</td></tr></table>	Hesjing	70%  <table border="1"><tr><td>50 %</td></tr></table>	50 %	Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i kvar einskild sak.  <table border="1"><tr><td>Kr. 2000,- per daa</td></tr></table>	Kr. 2000,- per daa			
Hesjing									
50 %									
Kr. 2000,- per daa									
Fellestiltak: planlegging og tilrettelegging		100 %	Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i kvar einskild sak.						
Gamal kulturmark	Restaurering av beite  <table border="1"><tr><td>Gjerding</td></tr></table>	Gjerding	50 %	Kr. 3000,- per daa  <table border="1"><tr><td>Kr. 75,- per m</td></tr></table>	Kr. 75,- per m				
Gjerding									
Kr. 75,- per m									
Verneverdige bygg	Restaurering	70%	Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i kvar einskild sak						
Tilgjenge, opplevingskvalitet	Rydding av sti Skilting Gjerdeklyv Ganggrind	50 %	Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i kvar einskild sak.						
Ureining	Bygningsmessige miljøtiltak Hydrotekniske anlegg  <table border="1"><tr><td>Erosjonsutsette produksjonsareal Miljøplanting Fangdammar Økologiske reinsetiltak</td></tr></table>	Erosjonsutsette produksjonsareal Miljøplanting Fangdammar Økologiske reinsetiltak	70 %	Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i kvar einskild sak.					
Erosjonsutsette produksjonsareal Miljøplanting Fangdammar Økologiske reinsetiltak									

**Timesatsar:**

Manuelt utførd eige arbeid (inkl. motorsag o.l.): kr 450,-

Arbeid med eigen traktor/ gravemaskin: kr 800,-

Elles etter faktura